

# **Årsmelding 2017 - Junioren i Eben Eser**

Antal samlingar i Junioren har vore 16. Innhaldet i samlingane har variert med ute- og inne aktiviteter. Vi har vært ein tur vekke på aktivitet, då var me og bowla i Lervåg bedehus. Vi har hatt tre samlingar på tysdagar, der foreldre var invitert. Det er ballbingeturnering i mars, påskesamling i april, og Vennefest i oktober.

På våren hadde vi aktiviteter som: Spelekveld på lokalet, hadde filmkveld, leik utanfor Eben Eser og i Trekanten Aktivitetspark, og samling om bibelen. Det var ballbingeturnering med foreldre og Påskefest med hobbyssamling, dette også med foreldre. Det var særstakt hyggeleg. På våren avslutta vi med Bowling i Lervåg bedehus.

På hausten var det spelekveld et par gonger, og uteleik i skogen oppom lokalet. Me laga maten me skulle ha ein gang, og var i gymssalen ein kveld. Vennefesten dette året var godt besøkt, med fleire nye foreldre og barn som ikkje går på Junioren. Siste samling før jul, hadde vi julebord, god mat og program for vaksne og barn. Alle barna kunne ha med seg ein vaksen.

Vi har hatt med føresette som har hjulpet til både med kjøring og hjelp på kjøkkenet. Vi valgte dette året å ikkje arrangera Syng jula inn på siste søndag før jul. Dette særstakt dårleg oppmøte av bygdefolk og barn året før.

Det er vekslande oppmøte av bygdefolk og familie til borna på familiesamlingane på tysdagar. Det er og vanskelig å få både Juniorar og familie ut i helgar, så me legg fortløpande planar som tar omsyn til dette.

Medlemstalet: 17 i 2017, (27 i 2016, 22 stk i 2015, 32 stk i 2014, 30 stk i 2013, 24stk i 2012, 22 stk i 2011)

## **Medarbeidarar i Junioren har vore:**

Solveig Lefdal  
Kjersti Nævdal  
Nina Hauge  
Ronja Merete Hauge